

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 24.02.2014
Tid: Kl. 11:00
Stad: Nordfjord Folkemuseum, Sandane

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Asbjørn Tyssen, Arild Hartman Eriksen, Olin Johanne Henden, Kristian Systad, Laura Kvamme og Olve Grotle.
Frå adm. møtte: Direktør Anne-Marie Førde og administrasjonssjef Inge Bent Arnestad.
Referent: Anne-Marie Førde

01/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2015: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 16.12.2014
03/2015: Orienteringar
04/2015: Rekneskap 2014
05/2015: Årsmelding 2014
06/2015: Budsjettsøknad 2016 til Norsk kulturråd
07/2015: Ymse

SAK 01/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styreleiar informerte om ny sak under orienteringar vedkomande prosess i samband med tilsetting av ny direktør.

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 02/2015: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTET 16.12.2014.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøtet 16.12.2014 vert godkjent

Vedtak:
Protokoll frå styremøtet 16.12.2014 vert godkjent
Samrøystes

SAK 03/2015: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **HMS/internkontroll/sjuefråvær**
 - /. Vedlegg: Fråværsstatistikk pr. 31.12.2014
- **Besøktal 2014**
 - /. Vedlegg: Besøktala pr. 31.12.2014
- **Fellesmagasinet MiSF – Status**
 - Informasjon om status
*Styret ønskjer framlagt sak om fellesmagasinet på styremøte i april 2015.
Styret ser på løysinga om kjøp av Ramstad Eskefabrikk som den beste løysinga og ber direktør ta initiativ overfor kulturdepartementet og fylkeskommunen for å få til eit møte.*
- **Norsk Reiselivsmuseum – Status og framdrift**
 - Status byggjeprojektet utstillingsprosjektet.
Styret ønskjer sak om Norsk Reiselivsmuseum med oppdatering av status og framdrift. Saka leggast fram på styremøte i april 2015.
- **Norsk Kvernsteinsenter**
 - Status og prosess mot Vikingnominasjonen
Nominasjonsprosessen er forventa å bli avslutta med ICOMOS' innstilling i mai. Innstillinga er rådgjevande. Verdsarvkomitéen som tar si endelege avgjerd i juli.
- **SFKM/Astrup-tunet**
 - I kjølvatnet av «Astrup 2016»
Dokumentasjon av hageanlegg og kulturlandskap i Astruptunet
Møte med Sparebankstiftelsen DNB
Direktør og avd.direktør v/SFKM har hatt møte med Sparebankstiftelsen DNB. I høve utstillingsprosjektet «Nikolai Astrup 2016» ønskjer Sparebankstiftelsen å gjennomføre eit dokumentasjonsprosjekt av hageanlegget i Astruptunet, med oppstart våren 2015. Prosjektet vert fullfinansiert av Sparebankstiftelsen DNB.
- **Tilsetting av marknadskonsulent i MiSF**
 - Direktør har tilsett Torunn Skarstad som marknadskonsulent i MiSF
Skarstad tiltrer i stillinga 1. april 2015.
- **Utlysing av stillingar i MiSF – Status**
 - Avdelingsdirektør SFKM
 - Avdelingsleiar DHS-SF/NRM
 - Formidlar/fagkonsulent DHS-SF/NRM
 - Formidlingsleiar NFM
- **Forhandling med kommunane i Sogn og Fjordane om nye driftsavtalar for musea**
 - Informasjon om status
Styreleiar og adm. fekk presentere «oppdraget» på styremøte i KS Sogn og Fjordane 29.01.2015.
- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**
 - /. Vedlegg: Aktivitet ved alle avdelingane vert ettersendt
- **Tilsetting av ny direktør**

Styreleiar ønskjer å engasjerer eksternt rådgjevingsfirma.
Dersom oppdraget vert på over NOK 100.000,- må lov om offentleg innkjøp føljust.
Eit samla styret støtta styreleiar sitt forslag.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande

Vedtak:
Orienteringane vert tatt til vitande
Samrøystes

SAK 04/2015 REKNESKAP 2014

Saksansvarleg:
Anne-Marie Førde / Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:
Den samla resultat- og balanserekneskapen med notar pr. 31.12.2014 for stiftinga leggst her fram for styret.

Rekneskapen er bokført etter felles mal og bokføringsprinsipp, både samla og på avdelingsnivå, gjennomgått og godkjent av avdelingsdirektørane.

For ikkje avslutta prosjekt er det avsett inntekter tilsvarende bokførte kostnader, noko som ikkje gjev utslag på det ordinære resultatet. På avslutta prosjekt vil positive/negative avvik mellom faktiske inntekter og faktiske kostnader påverke det ordinære resultatet.

Det samla rekneskapen syner eit årsresultat på kr.3.362.685,- som gjev eit resultat på 6,5 %. Netto finanspostar var kr. 1.010.755,- mot kr. 637.416,- året før.

Årets resultat er føreslege overført til eigenkapital.

Nøkkeltal	År 2014	År 2013	År 2012	År 2011	År 2010	År 2009
Samla offentlege tilskot	45 890 302	43 921 986	39 879 740	38 273 445	36 097 372	34 166 128
Samla lønskostnader	29 623 343	29 225 743	25 612 152	23 343 020	21 495 821	19 618 691
Andre driftskostnader	15 837 012	14 783 146	14 388 235	18 057 632	12 236 428	12 488 978
Eigenkapital	19 191 878	16 268 709	11 950 233	11 784 946	10 896 520	5 494 010

Samla offentlege tilskot til drift og prosjekt har frå 2013 til 2014 auka med i underkant av 2 mill. (4,5 %). Lønskostnadane har auka med 0,4 mill. (1,4%) mens andre drifts-kostnadane har auka med i overkant av 1,0 mill. (7,1%)

I perioden frå konsolideringa i 2009 fram til og med 2014 har dei samla offentlege tilskota auka med 11,7 mill. (34,3%). Samstundes har lønskostnadane i perioden auka med 10,0 mill. (51,0%) mens driftskostnadane har auka med 3,3 mill. (26,8%)

Rekneskapa for dei seks driftsavdelingane syner eit samla overskot i 2014 på 2,4 mill. etter netto finanspostar.

Dette gjev eit samla akkumulert resultat for perioden 2009 til 2014 på 6,8 mill. kroner. Avsette prosjektmidlar er balanseført og kjem i tillegg til akkumulert resultat.

Avdeling	Res. 2009/2010	Resultat 2011	Resultat 2012	Resultat 2013	Resultat 2014	Resultat akkumulert
Nordfjord Folkemuseum	391 942	237 273	96 860	764 818	523 059	2 013 231
Kystmuseet i Sogn og Fj.	174 658	-142 617	199 117	-625 900	363 273	- 62 564
Sunnfjord Museum	821 575	53 154	-238 279	469 587	515 627	1 614 106
DHS-Sogn Folkemuseum	65 365	-424 237	133 092	830 324	713 391	1 317 935
Sogn og Fj. Kunstmuseum	584 429	270 756	-1 008 868	1 508 215	-175 781	1 220 651
Norsk Kvernsteinsenter	-	-	-	724 279	444 834	1 169 113
Sum	2 037 969	-5 672	-190 790	3 671 322	2 384 403	6 770 599

Alle avdelingane i MiSF står ovanfor kostnadskrevjande oppgåver og vedlikehaldsprosjekt som ikkje kan løysast utan å setje av driftsmidlar over fleire år.

Oppsparte disponible midlar blir sett av til bruk i 2015/2016:

- Nordfjord Folkemuseum Nytt ventilasjon/klimasystem eldfast bygg
Riving av bustadhus Mardal Eigedom
- Kystmuseet i Sogn og Fj. Rehabilitering av betongskade administrasjonsbygg
Rehabilitering fasadar administrasjonsbygg
Vedlikehald Lisetbua, Vamråd og Jensenbua
- Sunnfjord Museum Tiltak Sårheimsbua, Søgnesandloftet og Plassløa
- DHS-Sogn Folkemuseum Nybygg og utstillingar Norsk Reiselivsmuseum
Vedlikehald Kaihuset i Balestrand, Prestebustad frå
Vik
- Sogn og Fj. Kunstmuseum Astruptunet
- Norsk Kvernsteinsenter Utviklingsplan og driftsfasilitetar Kvernsteinparken

Desse prosjekta må i utgangspunktet finansierast/delfinansierast med oppsparte og ordinære driftsmidlar. Utbetring av skader på administrasjonsbygga til Kystmuseet i Sogn og Fjordane vert finansiert med investerings- og driftstilskot frå fylkeskommunen og driftstilskot frå Flora kommune. DHS-SF/NRM flytta ikkje inn i nybygg i Balestrand i 2014, og statleg husleigetilskot vert nytta til utarbeiding av permanent utstilling. Sogn og Fjordane Kunstmuseum har fått auka husleigekostnader i 2014 på nybygg i Førde med 1.500.000,- og vesentleg auke i driftskostnader (straum/vask mm) utan tilsvarande auke i driftstilskota.

/. Vedlegg: *Rekneskap 2014 med notar til rekneskap
Avdelingsrekneskap 2014
Budsjett 2015 mot resultat 2014*

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Styret for MiSF vedtar framlagt rekneskap for 2014

Vedtak:
Styret for MiSF vedtar framlagt rekneskap for 2014
Samrøystes

SAK 05/2015: ÅRSMELDING 2014

Saksansvarleg:

Anne-Marie Førde

Saksutgreiing:

Framlagt utkast til styrets årsmelding for 2014 for Musea i Sogn og Fjordane er utarbeidd i nær dialog med avdelingane og revisor. Lov om rekneskap § 3-3 «Årsberetningens innhald for små foretak» er lagt til grunn for innhaldet og krav til offentlig årsrapportering.

Årsmelding for 2014 har mindre endringar i form og disposisjon i forhold til føregåande år. Som vedlegg til årsmeldinga følgjer ei samla framstilling av den faglege drifta i museet.

Den er utarbeidd med bakgrunn i rapportar frå avdelingane.

/. Vedlegg: Utkast til styrets årsmelding for 2014

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt årsmelding for 2014

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt årsmelding for 2014

Direktør supplerer «Fagleg aktivitet i museumsavdelingane» med konkretisering av formidlingstiltak i meldingsåret.

Samrøystes

SAK 06/2015: BUDSJETTSØKNAD 2016 TIL NORSK KULTURRÅD

Saksansvarleg:

Anne-Marie Førde / Inge Bent Arnestad

Saksutgreiing:

Avdelingsdirektørane har utarbeidd oversikt over søknadsprosjekt til budsjettsøknaden. Administrasjonen og avdelingsdirektørane har utarbeidd ein budsjettsøknad for 2016 med utgangspunkt i arbeidsbudsjett for 2015 og gjennomgått på leiarmøte den 17.02.2015.

Økonomiske råmer:

Dei samla driftstilskota til MiSF i 2016 (oppjevne i 2015 kroneverdi) er berekna til kr. 52,78 mill. med følgjande fordeling:

	År 2016	År 2015
• Stat:	kr. 33,67 mill.	33,67 mill.
• Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr. 14,18 mill.	15,18 mill.
• Kommunane:	kr. 4,93 mill.	4,48 mill.

Det er lagt inn statstilskot til dekking av husleige for nytt reiselivsmuseum i Balestrand. Omlag 1,4 mill. i fylkestilskot ligg inne til dekking av låneopptak i samband med etablering av ny utstilling i Balestrand og reparasjon av administrasjonsbygga/båthall i Florø. MiSF har søkt om kommunal auke på 0,5 mill. til å dekke husleige for nybygg i Førde (ikkje budsjettert).

Vurderingar og konsekvensar

Det vert vesentlege endringar i fordelingsnøkkel mellom fylkeskommunale og kommunale driftstilskot i perioden 2015 til 2017. I perioden 2015 - 2017 har fylkeskommunen vedteke ein reduksjon i driftstilskotet på 3,1 mill. (frå 31% til 25% av samla tilskot).

Fylkeskommunen forventar ei auke i kommunale driftstilskot på 3,1 mill. (frå 9% til 15%).

Driftstilskot frå stat og fylke vert frå år 2017 maksimalt på 85% (60+25) av samla tilskot.

Skal museumsdrifta oppretthaldast på dagens nivå, er det difor ein føresetnad at kommunane aukar sine driftstilskot opp til 15%. Manglande kommunal auke i driftstilskot vil gje vesentlege reduksjon i stat- og fylkestilskot.

MiSF har ikkje budsjettert med like stor auke i kommunale driftstilskot som fylkeskommunen forventar, noko som fører til eit redusert driftsgrunnlag i budsjettet.

Søknad om ekstraløyving / prosjekt til budsjettsøknad, prioritert liste

Avdelingane har kvar for seg utarbeidd forslag på tiltak til budsjettsøknaden som ein ynskjer finansiering på.

Søknadsprosjekt/ tiltaka:

- 1) Skjøtsel / drift av hageanlegget i Astruptunet
- 2) Vernebygg for Holvikejekta
- 3) Felles skilting ved alle museumseiningane i MiSF

Prioritering av ekstratiltak i budsjettsøknaden 2016 byggjer både på nye og eksisterande tiltak i tidlegare budsjettsøknader.

Viktige oppgåver som er definert i strategiplanen innan samlingsforvaltning, forskning, formidling og fornying vil bli prioritert, og i tråd med kulturdepartementets føringar.

Driftsbudsjett er i balanse, oppsummering av søknadsprosjekt følgjer som vedlegg. Museet aukar midlar knytt opp mot bygningsvern, som presisert i tidlegare tilskotsbrev frå Kulturdepartementet.

Resultatet av nye driftsavtaler vert retningsgjevande for framtidig driftsnivå.

Musea i Sogn og Fjordane skal stå fram som ei samla eining, og både einskildtiltak og fellestiltak skal prioriterast i budsjettsøknaden. Tiltak for å styrke arbeidet innan all samlingsforvaltning skal prioriterast, dette gjeld i ulik grad, alle avdelingane.

/ . Vedlegg:

Budsjett 2016 Søknadsbudsjett samla og spesifisert
Budsjett 2016 Fordeling av off. tilskot samla og avdelingsnivå
Budsjett 2016 Søknadsprosjekt prioriterte tiltak
- Omtale prioriterte søknadsprosjekt vert utdelt i møte

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2016

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar framlagt budsjettsøknad for 2016

Samrøystes

SAK 07/2015: YMSE

NIKOLAI ASTRUP 2016 - UTLÅN AV KUNSTVERK TIL DULWICH PICTURE GALLERY
Med heimel i offentleglova §13, er saka unnateke off. innsyn

Harry Mowatt
Styreleiar

Anne-Marie Førde
Direktør

Laura Kvamme

Olve Grotle

Asbjørn Tyssen

Kristian Systad

Arild Hartman Eriksen

Olin Johanne Henden